



Statsråden

Næringskomiteen Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

17/1386-

27. oktober 2020

Representantforslag 23 S (2020-2021) om utsetjing av kravet om nullutslepp i verdsarvfjordane frå 2026

Eg viser til brev frå Stortingets næringskomité 19. oktober 2020 om representantforslag frå stortingsrepresentantane Terje Halleland, Sylvi Listhaug og Kjell-Børge Freiberg. Representantane foreslår at Stortinget skal be regjeringa utsetja kravet om nullutslepp i verdsarvfjordane til 2030 og at utsetjinga bør gjelda for all skipsfart i norske fjordar.

Ved behandlinga av Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030* vedtok Stortinget følgjande: "*Stortinget ber regjeringen implementere krav og reguleringer til utslipp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innfasing av lav- og nullutslippsløsninger i skipsfarten fram mot 2030, herunder innføre krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger i verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026.*"

Regjeringa sitt mål er å halvera utsleppa frå innanriks sjøfart og fiska innan 2030, og å stimulera til utvikling av null- og lågutsleppsløysingar i alle skipssegment. Dette gjeld òg for cruiseskip. Strengare utsleppskrav til skip vart innførte i verdsarvfjordane i 2019. Desse omfattar mellom anna særlege krav til utslepp av SO_x, NO_x og kloakk. Sjøfartsdirektoratet greier i 2020 ut ei utviding av krava i verdsarvfjordane til skip i andre norske fjordar.

Av regjeringa sin handlingsplan for grøn skipsfart frå 2019 går det fram at regjeringa vil følgja opp oppmodingsvedtaket frå Stortinget, og komma tilbake til Stortinget på eit eigna tidspunkt. Dette arbeidet er regjeringa i gang med.

Som eit første steg i regjeringas arbeid med dette fekk Sjøfartsdirektoratet i 2019 i oppdrag å «*Utrede konsekvensene av å innføre krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger i*


verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026». Svaret på oppdraget frå april i år omfatta ein rapport frå DNV GL, direktoratet si vurdering av rapporten og ei tilråding frå direktoratet om vidare oppfølging av oppmodingsvedtaket med utgangspunkt i dei teknisk faglege vurderingane.

Ifølge rapporten blir det forventat at nullutslepp frå 2026 er mogleg for mindre fartøy med lokal tilknytning, føresett utbygging av nødvendig ladeinfrastruktur. For større turistskip som cruiseskip er ikkje elektrifisering og batteridrift et alternativ i dag, på grunn av for liten kapasitet i batteripakkene. Biogass kan fungere på cruiseskip som er tilpassa gassdrift, men det føreset at biogass gjerast tilgjengeleg for cruiseflåten. Dette vil likevel ikkje tilfredsstilla eit absolutt nullutsleppskrav. Andre nullutsleppsteknologiar for cruiseskip vurderast ikkje som realistisk innan 2026, fordi teknologiane ikkje vil vere modne nok og det ikkje vil vere nok alternativt drivstoff, som hydrogen og ammoniakk, tilgjengeleg. Det vurderast òg at innføring av strengare utsleppskrav for skip i norske farvatn og krav om nullutslepp i verdsarvfjordane må sjåast i samanheng. Sjøfartsdirektoratet si vurdering av ei utviding av krava i verdsarvfjordane til skip i andre norske fjordar ventast i løpet av året.

For å gi relevante aktørar som lokale myndigheiter, lokalt næringsliv, reiarlag og andre moglegheit for å presentera sitt syn i saka, inviterte eg til eit innspelsmøte 30. juni 2020. 18 aktørar deltok med presentasjonar, og vi har også motteke fleire skriftlege innspel frå deltakarane i etterkant av møtet. Det er svært sprikande syn i denne saka. Nokon meiner det er viktig å halde på kravet om nullutslepp innan 2026 fordi det vil bidra til ei raskare teknologiutvikling. Fleire næringslivsaktørar har alt førebudd seg for innføring av kravet frå 2026. Vi veit at cruisenæringa no er i ei svært utfordrande situasjon, men det peikast òg på at cruisetrafikken i områda i eit normalår er for stor, og at det trengst ei meir berekraftig turisme for å ta vare på verdsarvstatusen områda har. Alle desse aspekta blir også vurdert i arbeidet som er i gang med å følgje opp oppmodingsvedtaket, i tillegg til rapporten og vurderingane frå Sjøfartsdirektoratet.

Regjeringa vil følgje opp Stortinget sitt oppmodingsvedtak. Eg går no gjennom faggrunnlaget i saka, og kjem tilbake til Stortinget på eigna tidspunkt for å gjere greie for den vidare oppfølginga.

Med helsing



Sveinung Rotevatn